

ORIENTERING

Vårstart for orientering!

Var du med på noko orientering i fjor , vil du vera med i år eller er du berre nysgjerrig på kva orientering er?



Samling for alle orienteringsinteresserte med teori, treningsløp, premieutdeling for i fjor og mat/drikka. Det blir fleire samlingar i vår-oversikt får du denne kvelden.

STAD: KLUBBHUSET TIL VIKEBYGD I.L.

TID: TYSDAG 9.APRIL KL.17.30 (premieutdeling ca 19.00)

FOR: 5.klasse og oppover. 1.-4.klasse er og velkomne saman med ein vaksen som kan følgja med heile tida (kan gå ilag td 2-3 ungar pr vaksen).

INNHALD: Ein teoridel med grunnleggande opplæring i kart.



Orienteringsløype som du kan springa/gå åleine eller saman med nokon.

UTSTYR: Sko og klede som toler å bli våte og skitne (støvlar er tungt og ikkje kjekt å springa i). Du får og anledning til å prøva nye draktar og kjøpa løpskler.

KJEKT OM DU KJEM!

HELISING VIKEBYGD I.L.v/o-gruppa (kontakt Jon Magne Svendsbøe 48188430)

OVERSIKT OVER ORIENTERINGSTRENING OG LØP 2013

GK= Grannarkarusell løp for klubbane i Vindafjord. 4 av 6 løp tel. Løyper for alle. (Premiering ved sesongslutt ved trekking av gåvepremie for dei som har minst 4 godkjente løp)

NK= Nærløpskarusell løp for Haugalandet. 6 av 8 løp tel.

Rekrutt trening= samling med noko teori og aktivitet for dei i frå 1.-7.kl som ikkje er med på Nærløpa. Ved klubbhuset kl.17.30-19.00. Her gjeld og at dei i 1.-4.kl har med ein vaksen, men at ein kan gå ilag om 2-3 ungar pr.vaksen. Det blir mykje leik og kjekke aktivitetar!

- 9.april Vårstart ved klubbhuset for alle
- 16.april Rekrutt trening
- NK1 i Haugesund. Påmelding til Einar innan søndag 14.
- 23.april GK 1 Vikebygd. Oppmøte kl.17.30. Start kl 18. Påmelding til Jon Magne innan søndag 21.
- 30.april Rekrutt trening. Møt ved klubbhuset. Kl.17.30.
- NK 2 (Koparvik arr) .Påmelding til Einar innan søndag 28.
- 1.mai Vikesprinten. Løp for alle. Sjå eige oppslag.
- 7.mai GK 2 og NK 3 på Bjoa/Dalen kl.18. Påmelding til Einar innan søndag 5.
- 14.mai GK 3 Vindafjord i.I arr. Påmelding til Einar innan søndag 12.
- 16.mai Bedriftsløp frå Øvrabø (gamle skulehuset i Sørabygda) Her blir det og nybegynnar/lett kort løype. Ta kontakt med Jon Magne viss du vil vera med(klokkeslett, vanskegrad mm).
- 4.juni 2-manns stafett Vikebygd. Oppmøte i nærleiken av Tonjen kl.18.
- 11.juni Rekrutt trening. Møt ved klubbhuset kl. 17.30.
- NK 4 Haugesund påmelding til Einar innan søndag 9.
- 18.juni Rekrutt trening. Møt ved klubbhuset kl. 17.30.
- NK 5 Torvastad Påmelding til Einar innan søndag 16.

Sommarferie frå desse løpa. Rundt omkring vert det arrangert ulike o-løp. Sjå på www.orientering.no. Viss du vil trenar meir og øva deg i orientering er turorientering eit godt alternativ. Konvoluttar med kart og informasjon kan du kjøpa på butikken. Elles kan ein gå på <http://nof-orientering.org>. Her er det kjekt kurs for born og andre.

ORIENTERING HAUSTEN 2013

- 13.august GK 4 og Grannarmeisterskap. Kven er best i Vindafjord?
Bjoa kl.18 Påmelding til Einar innan søndag 11.
- 20.august GK 5 Vindafjord i.l. Kl.18 Påmelding til Einar innan søndag 18.
- 25.august Finn Fram dag i Vikebygd. O-gruppa arrangerer Finn Fram dag ilag med småspeidarane. Her blir det orientering i fleire variantar, leik, aktivitetar og tid til mat! Dette plar vera ein kjekk familiedag!
- 27.august Rekrutt trening. Møt ved klubbhuset kl.17.30.
NK 6 Ryvarden i Sveio. Påmelding til Einar innan søndag 25.
- 3.september GK 6 og NK 7 Toraneset, Vikebygd arrangerer. Påmelding til Einar innan søndag 1.
- 10.september Rekrutt trening. Møt ved klubbhuset kl.17.30.
NK 8 Gard skule i Haugesund. Påmelding til Einar innan søndag 8.

På alle løp plar me kjøra ilag så godt det lar seg gjera. Då har me gjort det slik at me kjem i bilar til bedehuset kl 17.15(eller anna avtalt tid) dei tysdagane det der løp utanfor Vikebygd. Så bestemmer me derifrå kven som kjører. Er det nokon som ikkje kan kjøra ein gong må ein prøva og ordna skyss sjølv ved å kontakta nokre av dei som alltid plar vera med.

Påmeldingar kan sendast til Einar Martinsen 90935348 på sms. Husk namn, fødselsår, og løypeval (ny, kort, mellom, lang).

Velkommen til å bli med på orientering!